

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 17.01.2017
SAKSHANDSAMAR: Jan-Erik Lorentzen
SAKA GJELD: **Budsjett 2017 for Helse Vest RHF - administrasjonen**

ARKIVSAK: 2015/1416/
STYRESAK **008/17**

STYREMØTE: **02.02. 2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtek budsjett 2017 for administrasjonen til Helse Vest RHF.
2. Styret vedtek budsjett 2017 for internrevisjonen i Helse Vest RHF.

Oppsummering

Styret i Helse Vest vedtok under styresak 074/16 Inntektsfordeling og resultatkrav 2017, inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for RHF administrasjonen på kr 125,3 mill. inkl. lønns- og rekneskapscenteret (LRS).

Kommentarar

Administrerende direktør tilrår følgjande budsjetttramme for 2017:

Administrasjon	Beløp
Administrasjonsbudsjett 2016	123 084
Deflatorjustering (1,8 %)	2 216
Administrasjonsbudsjett 2017	125 300

Lønns- og personalkostnader

Helse Vest administrasjonen opprettheld nivået på omlag 58 årsverk i 2017.

Andre driftskostnader

Driftskostnadane er i hovudsak justert og omprioritert i høve til historisk forbruk i 2016.

Regionale felleløysingar

Det er i budsjettet tatt høgde for at ei rekke regionale felleløysingar blir dekt under budsjettet for reservar, fellestenester og finans og kjem i tillegg til administrasjonsbudsjettet. Dette gjeld mellom anna midlar til:

- Regional datavarehussatsing
- Systemegar/arkitekt ressursar
- Regional analysefunksjon
- Regional pasientreisekoordinator
- Tenester frå Sykehusinnkjøp HF
- Oppdragsavtale for H-resept HELFO

Prosjektmidlar

Det er i tillegg til administrasjonsbudsjettet budsjettert med kr 57,1 mill. til ulike regionale prosjekt.

Lønns- og rekneskapscenteret

Lønns- og rekneskapscenteret (LRS) har auka sin aktivitet og har tilsvarande høgare inntekter. LRS vidarefører sine 11 årsverk i 2017.

Eventuell auka bemanning utover budsjett blir handtert gjennom auka inntekter.

Internrevisjonen

I instruks for revisjonsutvalet heiter det under punkt "5. Rapportering til styret" at: "Revisjonsutvalet skal for styret i Helse Vest RHF leggje fram Budsjett og plan for internrevisjon, til behandling"

Revisjonsutvalet sluttar seg til forslaget til budsjett, og til at dette blir å behandle vidare i samla sak om budsjettet for RHFet. Revisjonsutvalet ber om at styret i saka blir gjort merksam på utvalet si innstilling.

Budsjettforslaget for administrasjonen er fordelt slik på enkeltpostar:

Budsjett for administrasjonen	2016	2017	Endring i %
(3) Sals- og driftsinntekter	-123 084	-125 300	1,8 %
(5) Lønnskostnad	72 188	73 429	1,7 %
(50) Lønn til tilsette	49 925	50 808	1,8 %
(52) Fordel i arbeidsforhold	5	5	0,0 %
(53) Annan oppgavepliktig godtgjersle	2 176	2 189	0,6 %
(54) Arbeidsgivaravgift og pensjonskostnad	17 058	17 362	1,8 %
(56) Kompetanse og rekruttering	944	962	1,9 %
(59) Annan personalkostnad	2 081	2 104	1,1 %
(6) Annan driftskostnad, av- og nedskrivning	38 465	39 232	2,0 %
(60) Av- og nedskrivning	1259	1259	0,0 %
(63) Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	6 350	6 511	2,5 %
(64) Leige mtu, maskinar, inventar o.l.	128	132	3,1 %
(65) Utstyr og driftsmaterialer som ikkje skal aktiveras	1140	1169	2,5 %
(66) Reparasjon, vedlikehald og service	82	84	2,4 %
(67) Eksterne tenester	24 462	24 945	2,0 %
(68) Kontorkostnad, trykksak o.l.	3 965	4 027	1,6 %
(69) Telefon, porto o.l.	1 078	1 106	2,6 %
(7) Annan driftskostnad av- og nedskrivning	7 449	7 635	2,5 %
(71) Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	5 899	6 048	2,5 %
(73) Sals- og reklamekostnad	21	21	0,0 %
(74) Kontingent og gåver	116	117	0,9 %
(77) Anna kostnad	205	211	2,9 %
(79) Periodiseringskonto	1 208	1 238	
(9) Interne transaksjonar	4 982	5 004	0,4 %

Endringane mellom budsjettlinjene er i hovudsak justeringar mellom budsjettpostar for å fange opp faktisk kostnadsnivå frå 2016. Desse går mot kvarandre og påverkar ikkje budsjettet samla sett. Dei interne transaksjonane dekker tenester og kostnader ved Lønns- og rekneskapsenteret.